

Hytte for 2,5 millionar på Skorpo

24.06.2013

Det har ikkje skjedd noko spesielt på eigedomsmarknaden i Uskedalen i det siste, men Skorpo er eit unnatak. Der er 2 hytter lagt ut for sal av EiendomsmeglerVest og prisene er 2,5 og 1,5 million.

Den dyraste hytta (over) vart bygd i 1988 og har både strandlinje og kaianlegg. Det siste har også den andre hytta (under) som ligg i Søre Skorpevågen.

Den dyraste hytta vert budt fram for ein pris som er berre 200 000 kroner lågare enn prisen på ein einebustad på Neset som no har vore til sals lenge. Den ligg i Geilo 30 og er 152 kvadratmeter stor.

Også andre averterte hus i Uskedalen har lege ute ei stund, til dømes ein einebustad i Beinavikjo og ein ved Klammeren. Hvis ein er ute etter eit naust kan ein få eitt for 550 000.

Av Ola Matti Mathisen